



NOTAT

Til: Fylkestinget
Frå: Fylkesrådmannen
Kopi til:

Dato: 05. desember 2007
Arkivsak: 200707698-3/KARIST
Arkivnr.: 000.T00

Vedr.sak FT-sak 97/07 – konsekvensar for fylkeskommunen av mogelege endringar i kommunelova

Det er særleg to forslag som vil få ein del å seia for fylkeskommunen:

1. Habilitet for leiarar og styremedlemer m.v. i offentleg eigde selskap
2. Avgrensinga i valførleik

Til pkt. 1

Habilitet for leiarar og styremedlemer m.v i offentleg eigde selskap

Etter forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav e, kan ein offentleg tenestemann eller folkevald bli ugild til å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd eller treffe avgjerd i ei sak "når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for, et selskap som er part i saken og ikke helt ut eies av stat eller kommune, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken."

Departementet legg til grunn at omgrepet "selskap" omfattar aksjeselskap, ansvarlige selskap, interkommunale selskap og forretningsbankar. For å kunne vere part i ei forvaltningssak må eininga vere eit sjølvstendig rettssubjekt. Forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav e gjeld dermed ikkje for styremedlemer m.v i kommunale føretak eller andre einingar som ikkje er sjølvsendige rettssubjekt.

I høyringsnotat datert 03.10.2007 har Kommunal- og regionaldepartementet foreslått å oppheve unntaksføresegna om offentleg eigde selskap slik at det vil gjelde same habilitetsføresegner for personar knytt til offentleg eigd og privateigd selskap. Fylkeskommunale tenestemenn/folkevalde vil framleis kunne ha styreverv i offentleg eigde selskap, men dei vil automatisk bli inhabile til å behandle saker der selskapet er part, for eksempel i innkjøpsprosessar. Konsekvensen kan verta at det ikkje lenger er mogleg å nytte rollekombinasjonar som reiskap for samordning av aktivitetar. Det vil kunne verta nødvendig å nytte andre ordningar for samordning, rapportering og styring. I generalforsamling og representantskap vil likevel folkevalde kunne representere fylkeskommunen utan konsekvensar for habiliteten ved behandling av selskapa sine saker i fylkeskommunale organ.

Vert unntaket i lova oppheva, må fylkestinget foreta nye vurderingar av kven som bør sitte i styret for offentleg eigde selskap. M.a. må ein vurdere kva verv det er mest føremålstenleg at sentrale folkevalde har og om habilitetssituasjonar vil oppstå ofte. Dette er moment som også kan måtta vektleggjast ved val av organisasjonsform.

Fylkeskommunalt folkevalde er representert i ei rekkje offentleg eigde selskap, t.d.: Hardangerbrua, BKK, Vestnorsk Filmsenter, Carte Blanche, Moster Amfi- og Kyrkjehistorisk Senter, Osterøy Bruselskap, Sunnhordland lufthavn, Austevoll bruselskap, Jondalstunnelen, Nordhordalandspakken, Bergen-og Os Bompengeselskap, Beredt og Valen vaskeri.

Til pkt. 2

Avgrensningar i valførleik

Departementet har også bede om høyringsinstansane sitt syn på om det vil vere føremålstenleg å innføre avgrensingar i valførleik som utelukkar ordførar og varaordførar (og medlem av kommune- og fylkesråd) frå å sitte i styret i interkommunale selskap og aksjeselskap som kommunen eig eller er medeigar i. Konsekvensane av ei slik avgrensing vil vere at ordførar og varaordførar ikkje lenger kan sitte i styret for interkommunale selskap og kommunale aksjeselskap. Departementet har uttalt at ei oppheving av unntaket i forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav e (jfr. pkt. 1) vil føre til at personar med rollekonfliktar i større grad vil måtte fråtre som inhabile, noko som reduserer behovet for å utelukke dei same personane gjennom avgrensingar i valførleik.

I enkelte tilfelle vert selskap oppretta som reiskap for å oppnå særlege samfunnsmessige formål, t.d. på samferdselssektoren, og nettopp for å visa kor viktig ein ser dette, vert ofte den øvste politiske leiinga vald som representant i selskapet sine styrande organ. Dette vil ei eventuell avgrensing i valførleik vanskeleggjera og det lokalpolitiske handlingsrommet vert dermed innsnevra.